

Sakshandsamar:

Eva Kristin Svidal
E-post: eva.kristin.svidal@sfj.no
Tlf.: 91169693

Vår ref.

Sak nr.: 18/620-44
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

46134/18

Dykkar ref.

VTSBFA

Dato

FØRDE, 10.10.2018

Arnfinn Kolerud
Ødegard

6717 FLATRAKET

Kulturmidlar 2018 – Kunstnarstipend - Melding om vedtak

På grunn av skrivefeil i tidlegare utsendt brev med melding om vedtak, vert brevet sendt på nytt. Det er ikkje endring i vedtak om tildeling av stipend.

Vi viser til dykkar søknad om arbeidsstipend for kunstnarar for 2018.

Ein fagjury har vurdert søknadene. På bakgrunn av deira vurdering har fylkesdirektøren i medhald av delegert mynde 05.10.18 fatta vedtak om fordeling av stipend for 2018.

Du er tildelt eit stipend på 50 000 kr

Desse vurderingane vart lagt til grunn:

Tiltak:	Skrive barneroman	Søkjjar:	Arnfinn Kolerud		
Innhald:	<p>Kolerud søker arbeidsstipend frå fylkeskommunen for å skrive ein ny barneroman. Den siste barneboka hans, Snillionen, kom ut i vinter og har fått god mottaking:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nominert til Kriticarprisen • Nominert til Kulturdepartementets litteraturpris. • Plukka ut til Books at Berlinale under Filmfestivalen i Berlin • Nyleg også plukka ut av NORLA, som arbeider med å utbreie norsk litteratur til utlandet. <p>Trass i all denne medgangen, kjem det ikkje så mange kroner ut av det. Tid er pengar. Kolerud søker derfor om tid og pengar til å skrive, så lenge og så mykje som råd, svært gjerne 50 000 kroner.</p>				
Vurdering:	<p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Søkjjar er ein etablert og prislønna forfattar som skriv nynorske barnebøker. Han er busett i Sogn og Fjordane. Nynorsk skriftspråk og barn og unge er gjennomgåande perspektiv i Kulturstrategi 2015-2018. På bakgrunn av dette vedtar fylkesdirektøren å tildele stipend.</p> <p>På bakgrunn av dette vedtar fylkesdirektøren å tildele stipend.</p>				
Budsjett:	50 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	50 000

Det er knytt følgjande vilkår til utbetaling av stipendet:

Stipendmottakarane skal sende ein rapport for bruken av stipendet innan tre månader etter at stipendperioden er ferdig. Rapporten skal syne korleis stipendet er nytta og kva resultat mottakaren har oppnådd i perioden.

Innsynsrett

Saksframstillinga er offentleg, og du rett til å sjå alle dokument i saka. Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Klage

Du har høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender du til Sogn og Fjordane fylkeskommune, nærings- og kulturavdelinga. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no. Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar. Med helsing

Ingebjørg Erikstad
assisterande fylkesdirektør for næring og kultur

Eva Kristin Svidal
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg
Rapporterings skjema
Klageskjema



RAPPORT / FERDIGMELDINGSSKJEMA

Når eit tiltak som har fått kulturmidlar frå fylkeskommunen er gjennomført, skal dette skjema fyllast ut og sendast kulturavdelinga **snarast** med oppmoding om utbetaling av tilskotet.

Siste frist for innsending av rapport er 1. november. Tilskot kan ikkje overførast til neste år.

Søkjar:	Adresse:
Tlf./epost:	

Følgjande tiltak som vi har fått tilskot til, er gjennomført:

Vi ber om å få utbetalt tilskotet til tiltaket til:

Namn:	Adresse:
Epost:	Bankkontonr.:
Organisasjonsnr. /personnr (må fyllast ut): (for utbetaling treng vi personnr. eller organisasjonsnr. til tilskotsmottakar)	

Gjennomføringa av tiltaket; dato, stad, tal, deltakarar, innhald, o.l.:

Rekneskapoversikt:		Oversikt, tilskot	
Samla inntekter:		Kommunalt:	
Samla utgifter:		Fylkeskommunalt:	
		Stateleg:	
		Andre tilskot:	
		Eigne inntekter:	

NB: For enkelttiltak med fylkeskommunalt tilskot på kr. 10.000 eller meir, må det leggjast ved rekneskap spesifisert på hovudføremål før utbetaling finn stad. Fylkeskommunen har ved alle tilskotsutbetalingar rett til å gå gjennom originalrekneskap med bilag.

Stad	Dato	Underskrift:
------	------	--------------

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

1	Namnet på forvaltningsorganet/underinstans	Fylkesdirektøren
2	Mottakar/part:	
3	Klageinstans:	
4	Dato for utsendt vedtak:	
5	Adresse for innsending av klage:	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nærings- og kulturavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger post@sfj.no

Du har rett til å klage over vedtaket.

Du kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal fyrst handsamast av underinstansen. Underinstansen er vanlegvis det organet som gjorde vedtaket det vert klaga på (jf. rubrikk 1). Dersom ikkje dette organet endrar vedtaket sitt som følgje av klaga, vil klaga bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, ber vi deg oppgje når du fekk denne meldinga.

Dersom klaga blir sendt for seint, kan saka bli avvist. Har du særleg grunn til det, kan du likevel søkje om å få klagefristen forlenga. Du bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom du ikkje har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunkt du får grunngjevinga.

I klaga skal du skriva kva for eit vedtak du klagar på, og nemne den eller dei endringane som du ønskjer. Du skal også grunngje kvifor du klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når klaga skal vurderast.

Klaga skal underskrivast av klagaren.

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. Du kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensingar har du rett til å sjå saksdokumenta. Du må i så fall vende deg til det forvaltningsorganet som har sendt deg denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan du også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis du skal gå fram når du klagar og om reglane for sakshandsaminga elles.